

# ÅRSRAPPORT

2016



*2016 var eit år med gode resultat i Helse Vest, både når det gjeld kvalitet og økonomi. Det er viktige føresetnader for trygge og gode helsetenester.*

A high-angle photograph of a baby with blonde hair, wearing a brown long-sleeved shirt and a blue patterned diaper, crawling on a light-colored wooden floor. An adult's hand is visible on the left, supporting the baby's back. The baby's hands are flat on the floor, and its feet are also visible. The lighting is warm and natural, creating a soft atmosphere.

## VISJON

*«Å fremje  
helse, meistring og  
livskvalitet.»*



## INNHALD

Om Helse Vest .....	4
Årsberetning 2016 .....	7
Årsrekneskap .....	17
Resultatrekneskap .....	18
Balanse .....	19
Kontantstrømoppstilling .....	21
Notar .....	22
Revisjonsmelding 2016 .....	52

## Helseregionen i vest



- Helse Vest RHF (regionalt helseføretak) har det overordna ansvaret for spesialisthelsetenesta i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.
- Helse Vest RHF eig fem helseføretak: Helse Bergen, Helse Fonna, Helse Førde, Helse Stavanger og Sjukehusapoteka Vest, i tillegg til IKT-selskapet Helse Vest IKT AS.
- Helse Vest RHF har, saman med dei andre regionale helseføretaka, del i fleire nasjonale, felleseigde selskap: Helseforetakenes Innkjøpsservice AS (HINAS), Legemiddelinnkjøpssamarbeidet (LIS), Luftambulansetjenesten ANS (LAT ANS), Helseforetakenes senter for pasientreiser ANS, Helsetjenestens driftsorganisasjon for nødnett HF (HDO), Nasjonal IKT HF, Sykehusbygg HF og Sykehusinnkjøp HF.
- Helseføretaka har om lag 31 000 medarbeidarar, omfattar 50 sjukehus og institusjonar og yter helsetenester til nær 1,1 million innbyggjarar.
- Budsjettet for 2017 er på 28 milliarder kroner

### MEDARBEIDARAR FORDELT PÅ HELSEFØRETAK

HELSE FØRDE **3 507** | HELSE BERGEN **13 715** | HELSE FONNA **4 566** | HELSE STAVANGER **78 786**

## Organisasjonskart



## Styret i Helse Vest RHF



Terje Vareberg  
STYRELEIAR



Lise Reinertsen  
NESTLEIAR



Ohene Aboagye



Gunnar Berge



Tone Berntsen  
Steinsvåg



Olin Johanne Henden



Lise Karin Strømme



Bente Sissel Pilskog



Tom Guldhav

## Leiargruppa i Helse Vest RHF



Herlof Nilssen  
ADMINISTRERANDE  
DIREKTØR



Bente Aae  
KOMMUNIKASJONSDIREKTØR



Hilde Christiansen  
DIREKTØR MEDARBEIDAR,  
ORGANISASJON OG TEKNOLOGI




Ivar Eriksen  
EIGARDIREKTØR



Baard-Christian Schem  
FAGDIREKTØR



Per Karlsen  
ØKONOMI- OG FINANSDIREKTØR





ÅRSBERETNING  
2016

# ÅRSBERETNING 2016

## Viktige skritt for pasientens helseteneste

2016 var eit år med gode resultat i Helse Vest, både når det gjeld kvalitet og økonomi, som begge er viktige føresetnader for trygge og gode helsetenester. Satsing på god dialog mellom pasient og sjukehus, betre organisering, pasienttryggleik og felles systembygging har prega året, og har for alvor bidrege til å styrkje sjukehusstenestene til pasientens beste.

I sjukehusstalen for 2016 la statsråden fram tre punkt som avgjerande for å lukkast med «Pasientens helseteneste»:

1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
3. Betre kvalitet og pasienttryggleik

Helse Vest følgde opp desse punkta i 2016:

### 1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga

Helseføretaka i Helse Vest har over lengre tid arbeidd målretta med å redusere fristbrot og ventetider. Ei lang rekke tiltak er sett i verk i alle helseføretaka. Leiarar har fått ein meir heilskapleg styringsinformasjon som eit av fleire viktige bidrag for å redusere ventetid og unngå uønskt variasjon. Helse Vest har saman med helseføretaka sett nærare på ventetid for alle omsorgsnivå og fag. Det er få fagområde/spesialitetar som har ein gjennomsnittleg ventetid som overstig 65 dagar. Mange fagområde har ventetid som er betydeleg kortare enn kravet. Helse Vest har gjennomgått ventetida for kvart av helseføretaka per fagområde og omsorgsnivå. Det er laga prognosar for forventning til ventetid per omsorgsnivå og fagområde for 2017. Dette er eit godt grunnlag for å følgje opp kvart enkelt fagområde på ein god måte.

### 2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling

Helseføretaka i Helse Vest har arbeidd målretta for å oppfylle «den gylne regel», som seier at det skal vere ein større prosentvis vekst innanfor rus og psykiatri enn innanfor somatikk. Etter ei negativ utvikling i 2014 og 2015 viser tala for 2016 at kursen har endra seg. Helseføretaka nærmar seg no målet om å oppfylle «den gylne regel».

### 3. Betre kvalitet og pasienttryggleik

Høg overleving, kort ventetid på behandling, få sjukehusinfeksjonar og god kommunikasjon mellom sjukehusa, fastlegen og helse- og omsorgstenesta i kommunen er nokre av elementa

som bidreg til den totale kvaliteten for den gode pasientbehandlinga. Arbeidet med å betre kvaliteten og auke pasienttryggleiken i sjukehusa er eit av dei viktigaste områda det blir arbeidd med i føretaksgruppa.

Gjennom program for pasienttryggleik er det lagt til rette for betre pasientbehandling, færre skadar og betre ivaretaking av pasienttryggleiken.

## Mål for verksemda

Dei felles måla for helseføretaka i vest er:

- trygge og nære sjukehusenester
- heilskapleg behandling og effektiv ressursbruk
- ein framtidretta kompetanseorganisasjon

## Verksemd og formål

Helse Vest RHF har det overordna ansvaret for spesialisthelsetenesta i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) fastset mål og forventningar gjennom det årlege oppdragsdokumentet, og gjennom protokollen frå føretaksmøtet.

Basert på oppdragsdokumentet frå HOD og protokoll frå føretaksmøtet i Helse Vest RHF, utarbeider Helse Vest eit årleg styringsdokument som regulerer forholdet mellom det regionale føretaket og dotterføretaka. Dokumentet skisserer prioriteringar og legg føringar for kva for oppgåver dotterføretaka skal gjennomføre.

Målet er å fremme helse, meistring og livskvalitet for pasientane i helseregionen. Helse Vest skal gjere dette i samarbeid med dei som bruker tenestene.

Helse Vest RHF hadde per 31. desember 2016 driftsavgiftar med 277 privatpraktiserande spesialistar, 130 innanfor somatikk og 147 innanfor psykisk helsevern. Dei fekk driftstilskot frå Helse Vest RHF. I tillegg hadde det regionale helseføretaket driftsavgiftar med sju private ideelle sjukehus og institusjonar innanfor somatikk og psykiatri, åtte private rusinstitusjonar og åtte private rehabiliteringsinstitusjonar i vår region. Helse Vest har også 8 tilleggsavgiftar knytt til Helse Sør-Øst sine avtaler med private rehabiliteringsinstitusjonar, fordi desse institusjonane blir nytta av pasientar frå Helse Vest.

For å auke kapasiteten på område der det er lang ventetid, er det inngått avtalar om kirurgiske inngrep med private tilbydarar. Ved utgangen av 2016 hadde Helse Vest avtalar med private spesialistar og private kommersielle sjukehus. Til saman er det inngått 10 avtalar med 7 ulike avtalepartar.

### Brukarmedverknad

Dialog og samhandling med representantar for brukarane er særskild viktig for utvikling av tenestene. Det er etablert brukarutval i alle helseføretaka i Helse Vest, og tre av fire helseføretak har oppretta ungdomsråd.

Helse Stavanger, Helse Fonna og Helse Bergen har alle etablert ungdomsråd. Helse Førde er i gang med planlegging av ungdomsrådet.

Helse Vest fordeler midlar til pasient- og brukarorganisasjonane for å støtte det viktige informasjons- og hjelpearbeidet desse gjer ovanfor medlemmene. 104 pasient- og brukarorganisasjonar fekk i 2016 godt over 9,7 millionar kroner til fordeling frå Helse Vest.

### Kvalitet og pasienttryggleik

Medarbeidarane i sjukehusa tek pasienttryggleik på alvor. Det har gitt tydelege resultat. Høg overleving, få sjukehusinfeksjonar og god kommunikasjon er noko av det som bidrog til betre kvalitet i 2016.

Program for Pasienttryggleik i Helse Vest skal, gjennom utvalde innsatsområde, leggje til rette for betre pasientbehandling, færre skader og ivaretaking av pasienttryggleiken. I løpet av 2016 er dei fleste av tiltakspakkane i programmet rulla ut i alle sjukehus og relevante institusjonar. Alle sjukehusa i Helse Vest rapporterer no på ei rekkje kvalitetsindikatorar som for eksempel trykksår, fall, trygg kirurgi og hjerneslag.

Som eit eksempel har talet på sjukehusinfeksjonar gått ned. For 2016 var det eit mål at talet på sjukehusinfeksjonar skulle ligge under 4,7 prosent, som var det lågaste infeksjonstalet på landsbasis i 2015. Samla har Helse Vest nådd dette målet. Alle sjukehusa, med unntak av Helse Stavanger, ligg under 4,7 prosent. Helse Stavanger ligg på 4,8 prosent.

Helse Vest rapporterer data til alle dei nasjonale kvalitetsregistra. Resultata blir publiserte på helsenorge.no.

### Ventetider og fristbrot

Å unngå fristbrot og redusere ventetidene er viktige mål for å sikre kvaliteten på tilbodet til pasientane.

Helse Vest har hatt ei svært positiv utvikling når det gjeld ventetider i 2016, og tre av helseføretaka har hatt ventetider under det nasjonale kravet gjennom heile året. Det er berre Helse Stavanger som har hatt lengre ventetider enn kravet, sjølv om føretaket har hatt ei positiv utvikling gjennom året, òg når det gjeld langtidsventande.

Samla leverer føretaksgruppa under kravet frå Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) gjennom heile perioden, og vesentleg betre enn for same periode i 2015:

	2016	2015
• BUP:	47 dagar	50 dagar
• PHV:	40 dagar	48 dagar
• TSB:	30 dagar	41 dagar
• Somatikk	63 dagar	67 dagar
• Alle fagområde:	62 dagar	66 dagar

Målet om at fristbrot ikkje skal førekome, ligg fast. Det har over tid vore ei positiv utvikling i helseføretaka, og dei gjennomsnittlege prosentdelane fristbrot for all behandling som blei starta i 2016, viser ei forbetring i forhold til 2015. Vi er ikkje heilt i mål, men føresetnadene ligg godt til rette for ei ytterlegare betring i året som kjem.

### Pakkeforløp for kreft

Arbeidet med pakkeforløpa er ein kontinuerleg prosess, og ulike tiltak er sett i verk i føretaka for å sikre at pasientane blir registrerte i pakkeforløp for kreft.

Helse Vest har samla sett eit svært godt resultat når det gjeld prosentdelen av kreftpasientar som blir registrerte i eit pakkeforløp, og er godt over målkravet frå HOD på 70 prosent. Dei siste offisielle tala for 2016 viser at føretaksgruppa samla ligg på 81 prosent. Når det gjeld prosentdelen av pakkeforløp for kreftpasientar som er gjennomførte innanfor definert standard forløpstid, uavhengig av type pakkeforløp, ligg føretaksgruppa samla sett på 77 prosent, også det over målet på 70 prosent.

Det er no oppretta to tverrfaglege diagnosesenter for alvorleg sjukdom, ved Haukeland universitetssjukehus og Stavanger universitetssjukehus. Det er planar for slike senter i Helse Fonna og Helse Førde.

### Korridorpasientar

Det har gjennom ei tid vore ei svært positiv utvikling i helseføretaka, mellom anna som eit resultat av tiltaka i prosjektet «Ikkje korridorpasientar». Samla sett er problemet fortsatt ikkje heilt løyst i helseføretaka, sjølv om Helse Førde er svært nær nullvisjonen. Utviklinga blir følgt nøye, med mellom anna rapportering i kvart styremøte.

Våre egne tal frå 2016 viser at for føretaksgruppa samla blei 1,5 prosent av pasientane innan somatikken plasserte på gangen. Dette er litt dårlegare enn i 2015. Då var talet 1,2 prosent.



### Psykisk helsevern

Psykisk helsevern for vaksne består av distriktpsikiatriske senter (DPS), meir spesialiserte sjukehusavdelingar og privatpraktiserande avtalespesialistar. Alle DPS-a i regionen har brukarstyrte senger, ambulant verksemd og akuttberedskap. Nokre DPS har akuttberedskap i samarbeid med sjukehusavdelingar på kveld og natt.

Helseføretaka arbeider kontinuerleg for å redusere bruken av tvang. Talet på tvangsinnleggingar per 1 000 innbyggjarar var 2,4 for 2014 og 2,3 for 2015. Dette er dermed ein liten reduksjon. I 2016 viser interne tal frå Helse Vest at vi er tilbake på 2,46.

Innanfor psykisk helsevern går aktiviteten opp og ventetida ned. Aktivitetsnivået innanfor psykisk helsevern viser høgare poliklinisk aktivitetsnivå innanfor barne- og ungdomspsykiatri og psykisk helsevern for vaksne samanlikna med same tid i 2015. I psykisk helsevern blir det arbeidd godt også med tidleg intervensjon. Dette er viktig for førebygging av alvorleg sjukdom. Ved utgangen av 2016 var gjennomsnittleg ventetid 39 dagar for vaksne og 43 dagar for barn og unge.

### Rusbehandling

Ventetida innanfor tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) har også i 2016 blitt kortare, og var i desember 30 dagar, heile 7 dagar kortare enn i desember året før. I tillegg til at Helse Vest har auka kapasiteten innanfor TSB dei siste åra, og TSB-tiltaka har jamn og høg aktivitet, var det i 2016 også ein del aktivitet i dei to TSB-einingane som er godkjende av Helfo (Velg behandlingsted) i Helse Vest.

Einingar innanfor TSB har arbeidd med å få til dei gode forløpa, mellom anna med ein poliklinisk forankring som kan vere eit fast haldepunkt gjennom heile behandlingsforløpet. Helseføretaka har arbeidd med å få på plass overordna rutinar for helsepersonell for avdekking av vald mot barn.

Internrevisjonen har revidert dei åtte avtaleinstitusjonane som leverer teneste innanfor TSB. Dei var i hovudsak nøgde med dei interne kontrollsystema og gav nokre tilrådingar til forbetring, blant anna å gjennomføre risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS-analysar) for pasientbehandlinga. Funna er drøfta med avtaleinstitusjonane i oppfølgingsmøter i løpet av hausten og skal følgjast ytterlegare opp i 2017.

### Satsing på IKT og teknologi

Smarte løysingar og satsing på IKT-området har teke Helse Vest langt sidan 2002. Helse Vest har dei siste ti åra prioritert å bygge gode regionale system som støtte til dei ulike delane av verksemda. Gjennom utvikling og satsing på auka bruk av digitale tenester er målet å leggje til rette for betre og enklare kontakt mellom pasientane og helsetenesta, og for å betre arbeidsprosessane for medarbeidarane i sjukehusa. Det er viktig at pasientane skal ha trygg og sikker tilgang til helseopplysingane sine.

HELIKS er ei forkorting for «Heilskap i kliniske system» og støttar opp under programvisjonen: «ein vestlending – ein sjukehusjournal». Programmet blei etablert i januar 2016. HELIKS omfattar i hovudsak prosjekta «KULE (elektronisk kurve og legemiddel) innføring», «Overgang til DIPS (elektronisk pasient journalsystem) Arena» og «Digitalt media-arkiv» (DMA, lager for all biletediagnostikk). Ved å sjå på prosjekta på tvers og fokusere på prosessar heller enn system, er det ei klar forventning om ei endring som gjer behandlinga tryggare for pasienten og arbeidskvardagen enklare for helsepersonell.

Helse Vest sitt program for å forbetre støttetene innanfor anskaffing, rekneskap, budsjett, bestilling og forsyning av varer, LIBRA, har i 2016 utarbeidd felles arbeidsprosessar innanfor områda.

Det er utvikla fleire tenester på helsenorge.no i løpet av 2016. Blant anna kan pasientar no sjå sin eigen sjukehusjournal på nett, endre timen sin på sjukehuset og ha dialog med sjukehuset 24/7. I 2016 fekk også alle helseføretaka i landet like nettsider med hovudfokus på behandlingssinformasjon retta mot pasientar og pårørande. I Helse Vest er det blitt jobba godt gjennom heile året for å få på plass gode og informative behandlingstekstar.

### Innovasjon

Årleg bruk av midlar til innovasjon ligg fast. Det vil seie at 70-80 millionar kroner av innsatsen i porteføljen årleg kan definerast som innovativ.

I 2016 var det i tillegg sett av 6 millionar kroner for å stimulere til konkrete innovasjonsprosjekt lokalt i helseføretaka, i tillegg til satsing i dei enkelte helseføretaka.

I 2015 blei det etablert eit nytt system for innmelding av og organisering av innovasjonsprosjekt. I løpet av 2016 er løysinga utvikla vidare, og er no ein open idé-portal for alle verksemdene i Helse Vest. Både medarbeidarar, pasientar, pårørande og andre kan på denne måten lettare delta med forslag til innovasjonsprosjekt.

### Opplæring av pasientar og pårørande

For å styrke kompetansen innanfor læring og meistring og bidra til ei samordna utvikling av arbeidsområdet i Helse Vest, er det etablert eit regionalt nettverk for læring og meistring, leia av Helse Fonna. Målet for nettverket er å bidra til at pasientar og pårørande får eit kunnskapsbasert og likeverdig tilbod i heile regionen. Fokus i nettverket har i 2016 vore kompetansebygging, erfaringsdeling, kommunesamarbeid og utviklingsarbeid. Samarbeidet med Nasjonal kompetansteneste for læring og meistring har vore viktig for alle satsingsområda.

### Kunnskapsinnsats

Utvikling av medarbeidarar, utdanning og kompetansetiltak i eit breitt spekter står svært sentralt i føretaksgruppa Helse Vest. Det er ein auke år for år og for 2016 har det vore ein samla kunnskapsinnsats på omlag 1,9 milliardar kroner. I 2016 var det 7 720 formelle utdanningsløp. Dette er utdanning på vidaregåande nivå slik, som lærlingar, og utdanning på høgskule- og universitetsnivå, slik som bachelor- og mastergrader, profesjonsutdanningar og spesialisering i sjukehusa. Det er ein auke på 5,6 prosent frå 2015. Over 96 000 gjennomførte e-læringskurs og meir enn 21 000 kursdagar. Det er i 2016 tildelt 72 499 kompetanseplanar. I tillegg er det tildelt 624 266 kompetansekrav og 304 188 av disse er fullført.

### Arbeidsmiljø

Per 31. desember 2016 hadde føretaksgruppa om lag 27 798 tilsette. Helse Vest har redusert bruk av innleigde vikarar og det utgjør omlag 0,23 prosent av totalt brutto månadsverk. Helseføretaka har etablert egne bemanningscenter som handterer varierende behov for ekstra personell. Bruken av innleigd helsepersonell skjer i ferieperiodar og etter kvart i mindre og mindre grad i «ordinære» månadar.

Per desember 2016 har 57,4 prosent av einingane i føretaksgruppa eit totalt sjukefråvær under 5,5 prosent. 61,0 prosent av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 prosent. Samla sjukefråværsprosent for Helse Vest per desember 2016 var 7,7 prosent. Det sjukemeldte fråværet for desember 2016 var på 6,1 prosent, som er ein liten auke samanlikna med i fjor.

Føretaksgruppa Helse Vest har sett seg ambisiøse mål for helse, miljø og sikkerheit (HMS). HMS skal vere ein integrert del av det daglege arbeidet. For å sikre ei tett og god oppfølging av føretaka blir det månadleg rapportert på uønskte hendingar. Føretaka må òg rapportere på status på dei tiltaka som skal gjere dei i stand til å nå dei fastsette måla.

### Likestilling, integrering og mangfald

Helseføretaka og sjukehusa er kvinne-dominerte arbeidsplassar. 76 prosent av dei tilsette ved sjukehusa og institusjonane i helseregionen er kvinner. I enkelte yrkesgrupper er kvinnedelen spesielt høg, mellom anna pleiegruppa og reinhaldspersonale. Blant legar er menn så vidt i fleirtal. Balansen mellom kjønna for legegruppa er nå 49 prosent kvinner og 51 prosent menn. Ser ein på kjønnsbalansen for medisinarstudiet, er det berre eit tidsspørsmål før dette bilete endrar seg.

Det er store lønnsforskjellar mellom dei ulike yrkesgruppene i føretaksgruppa. Men dersom ein samanliknar lønnsnivå for menn og kvinner i same yrkesgruppe, er det vanskeleg å sjå ulikskap.

Styra i føretaksgruppa Helse Vest er sett saman med ei fordeling på 53 prosent kvinner og 47 prosent menn. Delen av

kvinnelege leiarar i føretaksgruppa er 68 prosent, delen av mannlige er 32 prosent. Når det gjeld toppleiarar er det ei fordeling på 49 prosent kvinner og 51 prosent menn.

Det er eit mål for føretaksgruppa i Helse Vest at medarbeidarane skal spegle befolkninga, og dermed at minst 6 til 10 prosent skal ha innvandrarakgrunn. Tal frå 2016 viser om lag 19 prosent ikkje-norske statsborgarar.

Helse Vest legg til rette for å fremje likebehandling, førebygge diskriminering og sikre like moglegheit og rettar. Leiarar på alle nivå har eit særskilt ansvar for at likebehandling er det som gjeld, og brot på likestillingslova og diskrimineringslova ikkje er akseptabelt.

Helseføretaka i Helse Vest arbeider for at fleire skal jobbe heiltid, og har etablert rettleiing og mål for å bygge opp om og fremje ein heiltidskultur. Alle medarbeidarar kan registrere sine ønske om eventuelt høgare stillingsprosent i ein heiltidsmodul. Det er eit mål at flest mogleg vel heile stillingar.

Frå desember 2010 til desember 2016 har 4 033 fleire medarbeidarar i Helse Vest fått heil stilling, og talet aukar for kvar månad. I same periode har 2 143 fått høgare stillingsprosent enn før. I løpet av fem år har 6 176 medarbeidarar endra sin stillingsprosent i Helse Vest, samanlikna med desember 2010. Føretaksgruppa har eit mål om å nå ein gjennomsnittleg stillingsstørrelse på 89,3 prosent eller høgare. Helse Vest nådde dette målet i april 2013. I desember 2016 var den gjennomsnittlege stillingsprosenten 89,5 prosent.

### Ytre miljø

Eit godt ytre miljø er ein føresetnad for god folkehelse, og helseføretaka sitt arbeid med å redusere miljøbelastninga frå eiga verksemd utgjør ein viktig del av spesialisthelsetenesta sitt samla samfunnsansvar. Helse Vest RHF ønskjer å vere i første rekkje når det gjeld miljøarbeid i sjukehusa. Sjukehusa produserer mykje avfall og er storforbrukarar av ressursar som vatn og energi. Derfor er det viktig å ha søkjelyset på miljøutfordringane.

Helse Vest har leia den nasjonale storsatsinga Grønt sjukehus, med hovudformål å miljøsertifisere alle sjukehusa i landet. I løpet av 2016 er alle helseføretaka i landet, utanom Oslo universitetssjukehus, miljøsertifiserte etter ISO 14001-standarden. Prosjektet blei avslutta 31. desember 2016, og miljøarbeidet i spesialisthelsetenesta er no overført til ordinær drift i kvart helseføretak. Det er oppretta eit nasjonalt samarbeidsorgan for miljø i spesialisthelsetenesta. Dette blir leia av Helse Vest. I Helse Vest blir nettverket Regional miljøfaggruppe, med deltakarar frå alle føretaka, vidareført.

### Rekneskapet, resultatet og føresetnad om fortsatt drift

Styret meiner at årsrekneskapet gir eit ettvise bilete av

eigedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat i helseføretaka. Føresetnadene for fortsatt drift er til stades, og dette er lagt til grunn i rekneskapet.

Resultatet for føretaksgruppa viser eit overskot på til saman 724,1 millionar kroner. Resultatet for Helse Vest RHF viser eit overskot på 707,7 millionar kroner. I resultatet for Helse Vest RHF ligg ei reversert nedskrivning på eigardel i helseføretaka på netto 260,5 millionar. Dette er ei justering av eigardelen i helseføretaka som tidlegare har hatt underskot som blei nedskrive i Helse Vest RHF sin rekneskap, slik at han er lik eigenkapitalen i dei aktuelle dotterføretaka.

Slik reversering vil bli gjort inntil den nedskrivne delen er reversert. Den reverserte nedskrivninga er ført tilbake i konsernrekneskapen slik at ikkje overskota blir tekne med to gonger. Styret tilrår at overskotet i Helse Vest RHF som gjeld felleskontrollert verksemd og tilknytta selskap i føretaksgruppa, blir ført mot fond for vurderingsforskjellar og at resten av overskotet i Helse Vest RHF og føretaksgruppa blir ført mot eigenkapitalen.

Kravet frå Helse- og omsorgsdepartementet var at føretaksgruppa skulle gå i balanse i 2016.

### Finansiell stilling

Trass i underskota i 2002-2008 hadde Helse Vest RHF og føretaksgruppa framleis ein vesentleg eigenkapital. Denne er styrkt i åra 2009 til 2016, og etter 2014 var underskota frå perioden 2002-2008 dekte opp. Eigenkapitalen i føretaksgruppa utgjorde per 31. desember 2016, 61,15 prosent av totalkapitalen. Tilsvarande tal ved utgangen av 2015 var 60,64 prosent. Ein må likevel nemne at det i pensjonsforpliktinga ligg eit ikkje resultatført estimatavvik på til saman 8 283,2 millionar kroner – noko som utgjør 59,0 prosent av eigenkapitalen. Tilsvarande tal i 2015 var eit ikkje resultatført estimatavvik på 9 278,0 millionar kroner. Dei økonomiske parametranne som ligg til grunn for pensjonsberekninga er i samsvar med rettleiing frå Norsk Regnskapsstiftelse.

Styret vurderer eigenkapitalsituasjonen i selskapet per 31. desember 2016 som tilfredsstillande. Helse Vest har eit godt fundament for vidare drift. Det har vore nødvendig å nytte seg av driftskreditt med til saman 752,3 millionar kroner ved utgangen av 2016.

Det er teke opp nye lån til investeringar i 2016 med 225,8 millionar kroner inklusiv kapitaliserte renter på opptrekkslån. Ved utgangen av året utgjør langsiktige lån frå Helse- og omsorgsdepartementet 2 469,5 millionar kroner. Av dette er 1016,6 millionar kroner lån under opptrekk/byggjelån mens 1 452,9 millionar kroner er konverterte til langsiktige lån. Dei første låna har ei nedbetalingstid på 20 år, mens lån konvertert etter 1.1.14 har ei nedbetalingstid på 25 år. Nokre av låna har rentebinding fram mot 2017 og 2018. Renta på desse låna

varierer frå 1,28 til 2,05 prosent. Dei fleste låna har flytande rente. Lån under opptrekk har flytande rente. I 2016 var den flytande renta på 1,02 prosent første halvår og 0,96 prosent andre halvår. Inntil låna er konverterte, blir renta lagt til lånesaldo. Renta på driftskreditten er flytande. Arbeidskapitalen i konsernet er styrka i løpet av året med 367 millionar kroner, men er framleis negativ med 565 millionar kroner.

Investering i dotterføretaka er i morselskapet bokført etter kostmetoden. Ettersom dei fleste helseføretaka i perioden 2002 - 2015 i periodar har gått med underskot, og det var uvisst om helseføretaka i framtida ville gå med overskot som ville byggje opp eigenkapitalen tilsvarande, er Helse Vest RHF si investering i dotterføretaka skriven ned like mykje som eigenkapitalen i dotterføretaka er redusert.

Ved seinare overskot er nedskrivninga reversert. Nedskrivninga/reverseringa har ingen konsekvens for rekneskapet for føretaksgruppa då ho blir eliminert. Helseføretaka er konsoliderte inn i konsernrekneskapen og over-/underskota i desse føretaka er innarbeidde i resultatet for føretaksgruppa. Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest IKT AS har gått med overskot dei fleste åra slik at eigenkapitalen i desse selskapa er høgare enn innskoten kapital. Det har derfor ikkje vore nødvendig å skrive ned investeringa i desse selskapa. Helse Vest IKT har godskrive dei andre føretaka for det meste av overskota dei har hatt. Verksemda til Helse Vest Innkjøp HF er frå 01.12.16 overført til det felleseigde føretaket Sykehusinnkjøp HF, og Helse Vest Innkjøp HF vil bli avvikla i 2017.

Felleskontrollert verksemd og tilknytta selskap er rekneskapsførte etter eigenkapitalmetoden. Overskot i slik verksemd er ført mot fond for vurderingsforskjellar. Fondet utgjør 44,2 millionar kroner ved utgangen av 2016. Overskotet utgjør forskjellen mellom innskoten kapital og relativ del av eigenkapitalen i dei aktuelle føretaka.

### Kontantstraumane i regionen

Kontantstraumoppstillinga viser at likviditeten i føretaksgruppa er betra med 415 millionar kroner i 2016. Det er investert for 1 749 millionar kroner mens netto reduksjon av lån og driftskreditt var på 235 millionar kroner.

Dei gjennomførte investeringane har som mål å effektivisere drifta og/eller arealbruken for å kunne møte framtidige utfordringar – i tillegg til å kunne oppretthalde aktiviteten. Kredittgrensa på driftskreditten er på 1,13 milliardar kroner. Ho er redusert med 38 millionar kroner frå 2015.

### Nedskrivning av eigedelar

I Helse Fonna er det utført nedskrivningar på til saman 1,9 millionar kroner knytt til mindre ombyggingar og utrangering av bygg.

### Risiko for tap

Dei vesentlege inntektene kjem frå offentleg verksemd og risiko for tap er låg. Når det gjeld andre inntekter, er dei i stor grad retta mot private, noko som gir ein høgare risiko. Beløp fakturert til den enkelte er lågt og det reduserer risikoen for vesentlege tap. Det er likevel avsett for pårekeleg tap på kundefordringar med 42,3 millionar kroner i 2016.

### Forsking og utvikling (FoU)

På bakgrunn av registrert forskingsproduksjon, blei Helse Vest i 2016 tildelt 116,7 millionar kroner i statleg tilskot til forsking og utvikling. I tillegg har Helse Vest avsett 66,9 millionar kroner frå eiga ramme, slik at den totale forskingsramma for 2016 var på 183,6 millionar kroner. I tillegg kjem eit statleg tilskot på 130,3 millionar kroner til dei 4 RHF-a som blei nytta til finansiering av forskingsprosjekt tildelt gjennom RHF-a sitt program for klinisk behandlingforsking (KLINBEFORSK).

Forsking er ei av fleire lovpålagte oppgåver for helseregionane. Forskinga omfattar i hovudsak klinisk forsking. I tillegg til dei øyremerkte forskingsmidlane frå Helse Vest, har helseføretaka finansiert kostnader til forsking over basisramma, og det er også motteke gåver og tilskot frå andre kjelder til forskingsføremål.

Helseføretaka rapporterer årleg på kostnader til forsking og utvikling. For 2016 er det rapportert brukt 689,7 millionar kroner til forsking og 130,4 millionar kroner til utvikling, mot 629,8 millionar og 113,3 millionar kroner i 2015. 477 årsverk er brukt til forsking og 91 årsverk til utvikling i 2016 mot tilsvarende 475 årsverk til forsking og 90 årsverk til utvikling i 2015.

### Pensjon

Føretaksgruppa har ytingsbasert tenestepensjonsordning i Kommunal Landpensjonskasse (KLP), Statens pensjonskasse (SPK) og Pensjonsordning for apotekvirksomhet (POA). Desse pensjonsordningane tilfredsstiller krava i lov om offentleg tenestepensjon.

### Ytingsbasert pensjonsordning

Føretaksgruppa har ei offentleg kollektiv pensjonsordning (sikra pensjonar) for sine medarbeidarar, som gir ei bestemt, framtidig pensjonsytning basert på oppteningsår og lønnsnivået ved pensjonsalder. Pensjonsytningane er samordna med ytingar frå folketrygda. Pensjonsordninga dekkjer alderspensjon, uførepensjon og barnpensjon.

Oppteningstid for full alderspensjon er 30 år. Saman med folketrygda gir full opptening ein alderspensjon på om lag 66 prosent. Pensjonsordninga er basert på lønn opptil 12G (grunnbeløpet i folketrygda).

Pensjonskostnaden for 2016 er basert på føresetnader i rettleiing om pensjonsforpliktingar utarbeidd av Norsk Regnskapsstiftelse. Det er utarbeidd eit beste estimat for pensjonsforpliktingar per 31. desember 2016 basert på dei økonomiske føresetnadene gitt for 2016. Basert på avkastinga i pensjonskassane er det også vist eit beste estimat for pensjonsmidlar per 31. desember 2016.

Konsekvensane av nye uførepensjonsregler og innarbeiding av levealdersjustering for personar fødde i 1954 og seinare er innarbeidd i berekinga. Begge endringane blei behandla som planendringar og førte med seg ei redusert framtidig forplikting. Effekten av dette blei rekna inn som ein eingongseffekt i rekneskapet for 2014 og førte med seg ein betydeleg kostnadsreduksjon.

1. desember 2015 blei det vedteke ein forskriftsendring av reglane for bereking av den årlige ytinga for uføre i perioden mellom særaldersgrense og pensjonsalder med verknad for 2015. Endringa ga auka utbetalingar for arbeidsgivar hovudsakleg for perioden mellom 65 og 67 år, for dei som har særaldersgrense på 65 år. Av omsyn til samanstillingsprinsippet blei effekten av planendringa i helseregionane sine rekneskap, flytta til 2016. Endra forplikting som følgje av denne endringa blei innarbeidd i berekinga pensjonsforplikting per 31.12.2015 og lagt i posten ikkje resultatførte estimatavvik. I 2016 er denne verknaden ført i resultatet.

### Avtalefesta pensjon (AFP)

Føretaka har i tillegg til tenestepensjonar ei avtalefesta ordning for førtidspensjonar (AFP) etter reglane for offentleg sektor. Ordninga er 100 prosent eigenfinansiert av føretaka, men blir administrert av KLP/SPK/POA. Ettersom ordninga er tett integrert med ordinær tenestepensjon, er forpliktinga rekna inn i den totale pensjonsforpliktinga.

### Verknad av rente på pensjonskostnaden

Pensjonskostnaden er særers følsam for endring i rentenivået og det er særskilt forholdet mellom venta rentenivå og venta lønnsvekst som slår sterkt ut. Når renta er høgare enn lønnsveksten gir det lågare pensjonskostnad, mens det motsette er tilfelle når renta nærmar seg eller går under venta lønnsvekst. For tida er renta svært låg og det gir høg pensjonskostnad. Når kostnaden er stigande, blir veksten i året lagt i ein «korridor» som blir kostnadsført over tid (12 år er lagt til grunn).

### Pårekeleg endring av rekneskapsføring av pensjonsforplikting


Norsk Regnskapsstiftelse arbeider med ein ny norsk rekneskapsstandard som byggjer på internasjonale rekneskapsstandardar og har redusert omfang av særnorske løysingar. I denne er det mellom anna forslag om å fjerne korridorløysing ved rekneskapsføring av pensjonsforplikting. Tidlegare opparbeidd


korridor vil i så fall måtte først som ein reduksjon av eigenkapitalen. Per 31.12.16 utgjorde Helse Vest sin samla korridor (ikkje resultatført estimatavvik) inklusive arbeidsgivaravgift 8,3 milliardar kroner. Iverksetjing av ny norsk rekneskapsstandard vil samordnast med ny rekneskapslov, som etter planen skal gjelde frå 01.01.2018.

Om moglegheita for å leggja estimatavvika i korridor forsvinn, er det likevel ikkje nokon risiko for at Helse Vest vil gå konkurs. Det går fram av § 5 i Helseføretakslova at konkurs og gjeldsforhandlingar etter konkurslova ikkje kan opnast i helseføretak. Det kan heller ikkje takast utlegg eller arrest i eigedelane til føretaket.

HAUGESUND, 4. APRIL 2017

  
**Terje Vareberg**  
 STYRELEIAR

  
**Lise Reinertsen**  
 NESTLEIAR

  
**Ohene Aboagye**  
 STYREMEDLEM

  
**Gunnar Berge**  
 STYREMEDLEM

  
**Tom Guldhav**  
 STYREMEDLEM

  
**Olin Johanne Henden**  
 STYREMEDLEM

  
**Bente Sissel Pilskog**  
 STYREMEDLEM

  
**Tone Berntsen Steinvåg**  
 STYREMEDLEM

  
**Lise Karin Strømme**  
 STYREMEDLEM

  
**Herlof Nilssen**  
 ADMINISTRERANDE DIREKTØR





Årsrekneskap  
*2016*

## RESULTATREKNESKAP

HEILE 1000 KRONER

HELSE VEST RHF

FØRETAKSGRUPPA

2015	2016		Note	2016	2015
		<b>DRIFTSINTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>			
18 256 864	18 214 608	Basisramme	2,3	18 214 608	18 256 864
7 296 779	7 464 124	Aktivitetsbasert inntekt	2,3	8 127 542	7 936 800
509 278	663 712	Anna driftsinntekt	2,3	1 646 433	1 530 753
<b>26 062 921</b>	<b>26 342 443</b>	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>2,3</b>	<b>27 988 582</b>	<b>27 724 417</b>
25 396 500	25 590 756	Kjøp av helsetenester	4	3 876 913	3 835 513
199	24	Varekostnad	5	3 179 032	2 855 484
75 694	72 918	Lønn og andre personalkostnader	6,17	16 243 044	16 639 539
5 171	5 613	Ordinære avskrivningar	10	1 135 232	1 117 968
0	0	Nedskrivning	10	1 920	6 764
346 378	328 849	Andre driftskostnader	7	2 934 220	2 658 379
<b>25 823 941</b>	<b>25 998 160</b>	<b>Sum driftskostnader</b>	<b>2</b>	<b>27 370 360</b>	<b>27 113 648</b>
<b>238 980</b>	<b>344 283</b>	<b>Resultat frå drifta</b>		<b>618 222</b>	<b>610 769</b>
		<b>FINANSINTEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
155 183	141 803	Finansinntekter	8	144 355	135 692
-333 998	-258 442	Reversert nedskrivning av finansielle anleggsmidlar	11	7 284	0
64 376	36 817	Andre finanskostnader	8	31 663	67 683
<b>424 805</b>	<b>363 428</b>	<b>Netto finansresultat</b>		<b>105 408</b>	<b>68 009</b>
<b>663 785</b>	<b>707 711</b>	<b>Resultat før skattekostnad</b>		<b>723 629</b>	<b>678 777</b>
0	0	Skattekostnad på ordinært resultat	9	-457	-1 051
<b>663 785</b>	<b>707 711</b>	<b>RESULTAT FOR ÅRET</b>		<b>724 086</b>	<b>679 828</b>
		<b>OVERFØRINGAR:</b>			
7 370	9 743	Overført til/frå fond for vurderingsforskjellar	16	12 569	10 239
656 415	697 968	Overført annan eigenkapital	16	711 517	669 589
<b>663 785</b>	<b>707 711</b>	<b>Sum overføringar</b>		<b>724 086</b>	<b>679 828</b>

**BALANSE**

HEILE 1000 KRONER

HELSE VEST RHF			FØRETAGSGRUPPA		
2015	2016	Note	2016	2015	
					<b>EIGEDLAR</b>
					<b>Anleggsmidler</b>
					<b>Immaterielle egedelar</b>
0	0	Lisensar og programvare 10	698 581	621 167	
<b>0</b>	<b>0</b>	<b>Sum immaterielle egedelar</b>	<b>698 581</b>	<b>621 167</b>	
					<b>Varige driftsmidler</b>
45 228	41 496	Tomter, bygningar og annan fast eigedom 10	10 520 313	10 367 679	
6 949	5 069	Medisinskteknisk utstyr, inventar, transportmidlar o.l. 10	2 031 510	1 969 046	
0	0	Anlegg under utføring 10	2 389 996	2 073 216	
<b>52 177</b>	<b>46 564</b>	<b>Sum varige driftsmidler</b> 10	<b>14 941 819</b>	<b>14 409 941</b>	
					<b>Finansielle anleggsmidler</b>
11 150 881	11 411 352	Investering i dotterføretak 11	0	0	
43 635	52 599	Investering i Felleskontrollert verksemd og tilknytta selskap 11	65 584	59 050	
1 245	1 488	Investering i andre aksjar og partar 11	813 341	730 544	
3 312 453	3 641 727	Andre finansielle anleggsmidler 12	37 667	33 073	
925	920	Pensjonsmidlar 17	1 617 490	1 726 233	
<b>14 509 138</b>	<b>15 108 086</b>	<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>	<b>2 534 082</b>	<b>2 548 899</b>	
<b>14 561 315</b>	<b>15 154 650</b>	<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>18 174 483</b>	<b>17 580 007</b>	
					<b>Omløpsmidlar</b>
0	0	Varer 13	118 886	112 310	
1 208 034	965 669	Krav 14,24	703 050	718 177	
2 763 259	3 255 470	Bankinnskot, kontantar og liknande 15	3 962 345	3 546 925	
<b>3 971 292</b>	<b>4 221 139</b>	<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>4 784 281</b>	<b>4 377 412</b>	
<b>18 532 608</b>	<b>19 375 789</b>	<b>SUM EIGEDLAR</b>	<b>22 958 763</b>	<b>21 957 419</b>	

**BALANSE**

HEILE 1000 KRONER

HELSE VEST RHF

FØRETAKSGRUPPA

2015	2016	Note	2016	2015
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>				
<b>Eigenkapital</b>				
<b>Innskoten eigenkapital</b>				
100	100	16	100	100
11 415 729	11 415 729	16	10 629 564	10 629 564
<b>11 415 829</b>	<b>11 415 829</b>		<b>10 629 664</b>	<b>10 629 664</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>				
23 140	32 882	16	44 197	31 628
1 697 330	2 395 298	16	3 3 65 445	2 653 929
<b>1 720 469</b>	<b>2 428 180</b>		<b>3 409 643</b>	<b>2 685 557</b>
<b>13 136 298</b>	<b>13 844 009</b>		<b>14 039 306</b>	<b>13 315 220</b>
<b>Gjeld</b>				
<b>Avsettingar for forpliktingar</b>				
18 421	19 777	17	176 984	155 190
0	0	9	4	461
197 636	232 121	18	922 211	802 724
<b>216 056</b>	<b>251 898</b>		<b>1 099 199</b>	<b>958 375</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>				
0	0	19	0	0
2 374 579	2 469 497	19	2 469 497	2 374 579
<b>2 374 579</b>	<b>2 469 497</b>		<b>2 469 497</b>	<b>2 374 579</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>				
1 082 312	752 374		752 374	1 082 312
18 210	15 944		1 146 584	1 039 546
1 705 153	2 042 067	20,24	3 451 802	3 187 387
<b>2 805 675</b>	<b>2 810 385</b>		<b>5 350 760</b>	<b>5 309 245</b>
<b>5 396 310</b>	<b>5 531 780</b>		<b>8 919 457</b>	<b>8 642 199</b>
<b>18 532 608</b>	<b>19 375 789</b>		<b>22 958 763</b>	<b>21 957 419</b>

HAUGESUND, 31.12.2016 / 04.04.2017

STYRET FOR HELSE VEST

  
**Terje Vareberg**  
 STYRELEIAR

  
**Lise Reinertsen**  
 NESTLEIAR

  
**Gunnar Berge**  
 STYREMEDLEM

  
**Tom Guldhav**  
 STYREMEDLEM

  
**Lise Karin Strømme**  
 STYREMEDLEM

  
**Olin Johanne Henden**  
 STYREMEDLEM

  
**Bente Sissel Pilskog**  
 STYREMEDLEM

  
**Ohene Aboagye**  
 STYREMEDLEM

  
**Tone Berntsen Steinvåg**  
 STYREMEDLEM

  
**Herlof Nilssen**  
 ADMINISTRERANDE DIREKTØR

**KONTANTSTRAUMOPPSTILLING**

HEILE 1000 KRONER

HELSE VEST RHF

FØRETAKSGRUPPA

2015	2016		2016	2015
		<b>KONTANTSTRAUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR</b>		
663 785	707 711	Årsresultat	724 086	679 828
0	0	Tap/vinst ved sal av anleggsmidler	1 577	1 418
5 171	5 613	Ordinære avskrivningar	1 135 232	1 117 968
-333 998	-258 442	Nedskrivning anleggsmidler	9 205	6 764
-6 294	-9 743	Andre resultatposter utan kontanteffekt	-12 569	-7 300
-689 559	242 364	Endring i omløpsmidlar	8 552	-86 458
1 045 914	334 648	Endring i kortsiktig gjeld	371 452	-75 864
5 795	1 361	Forskjell kostnadsført pensjon inn-/utbetalingar	130 538	1 289 402
-10 376	-6 228	Inntektsført investeringstilskot	-44 461	-50 257
<b>680 436</b>	<b>1 017 285</b>	<b>Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>2 323 612</b>	<b>2 875 502</b>
		<b>KONTANTSTRAUMAR FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR</b>		
0	0	Innbetaling ved sal av varige driftsmidler	1 336	7 509
-3 900	0	Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidler	-1 749 357	-1 720 096
167 889	147 074	Innbetaling av avdrag på utlån	1 200	1 715
-187 049	-476 347	Utbetaling ved utlån	-6 000	-12 400
-5 184	-1 494	Utbetalingar ved kjøp av finansielle anleggsmidler	-83 842	-75 903
<b>-28 244</b>	<b>-330 767</b>	<b>Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-1 836 663</b>	<b>-1 799 175</b>
		<b>KONTANTSTRAUMAR FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR</b>		
134 992	225 837	Innbetaling ved opptak av ny langsiktig gjeld	225 837	134 992
-130 918	-130 918	Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-130 918	-130 918
-825 448	-329 938	Endring driftskreditt	-329 938	-825 448
0	40 713	Innbetaling av investeringstilskot	160 275	179 803
0	0	Endring andre langsiktige forpliktingar	3 216	34 681
0	0	Endring føretakskapital med kontanteffekt	0	0
<b>-821 375</b>	<b>-194 306</b>	<b>Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>-71 528</b>	<b>-606 891</b>
-169 183	492 211	Netto endring i likviditet	415 420	469 436
2 932 442	2 763 259	Likvide midlar 01.01	3 546 925	3 077 490
<b>2 763 259</b>	<b>3 255 470</b>	<b>Behaldning av bankinnskot, kontantar og liknande 31.12</b>	<b>3 962 345</b>	<b>3 546 925</b>
88 688	380 626	Unyttre trekkramme i Noregs Bank 31.12.	380 626	120 034
<b>2 851 947</b>	<b>3 636 096</b>	<b>Likviditetsreserve 31.12.</b>	<b>4 342 971</b>	<b>3 666 959</b>
1 171 000	1 133 000	Innvilga kredittramme i Noregs Bank 31.12.	1 133 000	1 171 000

# NOTAR

## NOTE 1

### GENERELT OM REKNESKAPEN

Rekneskapen for 2016 er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998, jf. lov om helseføretak, og er utarbeidd etter norske standardar for rekneskap og retningslinjer som er gitt av eigar. Årsrekneskapen består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og note-opplysingar. Rekneskapen er bygd på grunnleggjande prinsipp for rekneskap i tråd med god norsk rekneskapskikk; transaksjonsprinsippet, oppteningsprinsippet, samanstillingsprinsippet, varsemdprinsippet, kongruensprinsippet, sikring, beste estimat, konsistent bruk av prinsipp og føresetnad om vidare drift. Ved utarbeidinga av rekneskapen må leiinga bygge på føresetnader og estimat som vil påverke rekneskapsførte verdiar av eigedelar, gjeld, inntekter og kostnader, og noteopplysingar som vedkjem forpliktingar med vilkår. Faktiske tal kan avvike frå dei opphavlege estimata.

Helse Vest RHF blei stifta 17.08.01 etter lov om helseføretak. Staten ved Helse Vest RHF overtok 01.01.02 ansvaret for spesialisthelsetenesta i fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. På same tid blei anleggsmidlar og forpliktingar som var knytte til spesialisthelsetenesta, overførte til Helse Vest RHF som eit tingsinnskot. Dei same formuesposisjonane blei vidareførte til helseføretaka i regionen.

Som følge av at helseføretaka er non-profit-verksemder der eigaren har stilt krav om resultatbalanse i drifta, men ikkje krav til avkastning på innskoten kapital, representerer bruksverdien verkeleg verdi for anleggsmidla.

I opningsbalansen er bruksverdien sett til attkjøpsverdien redusert for slit og elde og justert for teknisk standard. Der det på overtakingstidspunktet var kjent at bygga ikkje ville bli tekne i bruk eller berre ville bli tekne i bruk for ein kortare periode, er verdien på opningsbalansen redusert. For bygg og tomter er denne verdien basert på takstar utarbeidde av uavhengige miljøhausten 2001.

### EIGARS STYRINGSMÅL

RHFa skal målast på korrigert resultat. For åra 2002–2006 var rekneskapsresultatet i tillegg korrigert for meiravskrivningar som kom av at verdiar på anleggsmiddel på opningsbalansen var fastsett høgare enn det føretaka kunne rekne med å kunne finansiere av anleggsmiddel i framtida. Vidare var rekneskapsresultatet korrigert for avskrivningar som hadde si årsak i at den økonomiske levetida som var berekna for anleggsmiddel i opningsbalansen, var sett kortare enn det som var lagt til grunn i tildelinga til regionane. For inntektsåret 2008 var rekneskapsresultatet korrigert for auka kostnader til pensjon som følge av endra økonomiske føresetnader. I 2009 var ikkje resultatkravet korrigert og Helse Vest blei målt på rekneskapsresultatet.

Stortinget vedtok «Lov om endringer i lov om Statens Pensjonskasse, lov om samordning av pensjons- og trygdeytelser» og endringar i enkelte andre lover den 25. juni 2010. Planendringane

som følger av dette vedtaket er med i rekneskapsresultatet for 2010 med den konsekvensen at dei samla pensjonskostnadene for helseregionane blei reduserte frå 9,25 mrd kroner til om lag 0 kroner. Gjennom vedtak av Prop. 32 S (2010-2011) blei den tildelte ramma for helseregionane sett ned med 4,45 mrd kroner. Driftskredittrammene blei auka med same beløp, mens resten av reduksjonen i kostnader skulle styrkja eigenkapitalen til føretaka svarande til 4,8 mrd for helseregionane samla. Resultatet for 2010 blei justert med denne reduksjonen. Dette svarer til det akkumulerte underskotet som følge av meirkostnader til pensjon i åra 2006 til 2008 for landet sett under eitt.

Korrigerings av resultatet tidlegare år tok utgangspunkt i faktisk kostnadsauke for helseregionane, mens korrigeringa for 2010 er fordelt etter ordinær fordelingsnøkkel. For Helse Vest RHF inneber dette ein akkumulert differanse på 26,9 mill. kroner mellom udekte pensjonskostnader i tidlegare år og korrigeringa for 2010.

For åra 2011 - 2013 var resultatkravet balanse i rekneskapen.

Resultatkravet for 2014 blei endra i føretaksmøte 17.12.14 på bakgrunn av nye berekningar av pensjonskostnad i offentlig tenestepensjonsordning for 2014, bygd på Rettleiing frå august 2014 om rekneskapsføring av justert levealder for personar fødd i 1954 eller seinare. Verknaden på pensjonskostnadane blei på 15 140 millionar kroner for alle helseregionane samla. Basisramma til dei regionale helseføretaka ble sett ned med til saman 5 040 millionar kroner, mens resten av kostnadsreduksjonen blei brukt til å styrka eigenkapitalen i føretaka med til saman 10 100 millionar kroner. Resultatkravet blei derfor endra til 10 100 millionar kroner.

Helse Vest sin del av dette utgjer 1 913,4 millionar kroner.

For 2015 og 2016 har resultatkravet vore balanse i rekneskapen.

### PRINSIPP FOR KONSOLIDERING

Helse Vest RHF er morselskap i føretaksgruppa. I dette føretaket inngår eit lønns- og rekneskapskontor som fører rekneskap for Helse Vest RHF, Sjukehusapoteka Vest HF, Helse Vest IKT AS, Nasjonal IKT HF og Helse Vest Innkjøp HF. Rekneskapen for føretaksgruppa inkluderer, i tillegg til Helse Vest RHF, føretaka Helse Stavanger HF, Helse Fonna HF, Helse Bergen HF, Helse Førde HF, Sjukehusapoteka Vest HF, Helse Vest IKT AS og Helse Vest Innkjøp HF. Rekneskapen for føretaksgruppa er utarbeidd som om føretaksgruppa var ei økonomisk eining. Interne transaksjonar, fordringar og gjeld er eliminerte.

Felles kontrollerte verksemder er tekne inn i rekneskapen til Helse Vest RHF etter eigenkapitalmetoden og tilknytte selskap er tekne inn i konsernrekneskapen etter eigenkapitalmetoden.

### KLASSIFISERING OG VURDERING AV BALANSEPOSTAR

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter innkjøpstidspunktet, og dessutan

postar som knyter seg til varekrinsløpet. Andre poster er klassifiserte som anleggsmidler/langsiktig gjeld. Omløpsmidlar er vurderte til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet. Anleggsmiddel blir vurderte til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg bruksverdi ved verdifall som ikkje må ventast å vere forbigående. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Pengeposter i utanlandsk valuta er rekna om til norske kroner per 31. desember i rekneskapsåret.

#### **PRINSIPP FOR INNTEKTSFØRING**

Inntekter frå Helse- og omsorgsdepartementet, overført til regionføretaket, er rekneskapsført brutto i Helse Vest RHF.

#### **RAMMETILSKOT**

Rammetilskotet frå Helse- og omsorgsdepartementet utgjer grunnfinansieringa av helseregionane. Rammetilskotet blir inntektsført i det året midlane er tildelt for.

Ved overtaking av nye oppgåver der departementet har halde attende midlar for delar av året, er tilsvarande beløp avsett som inntekt i rekneskapsåret og som fordring på Helse- og omsorgsdepartementet.

#### **AKTIVITETSBASERT INNTEKT (ISF/INNSATSSTYRT FINANSIERING OG POLIKLINISKE BEHANDLINGAR)**

Aktivitetsbasert inntekt omfattar ISF inntekter (innsatsstyrt finansiering), eigedelar, gjestepasientar og pasientar som betaler sjølve og refusjon frå Helfo knytt opp mot produksjonen i helseføretaka som vedkjem poliklinikkar, laboratorium og radiologi. Slike inntekter blir førte til inntekt i den perioden aktiviteten er utført.

#### **ØYREMERKA TILSKOT**

Øyremerka tilskot blir inntektsførte i den perioden kostnadene med den tilhøyrande aktiviteten blir rekneskapsførte. Gjeld tilskotet investeringar, blir inntektene førte i same perioden som avskrivningane på dei aktuelle investeringane.

#### **GJESTEPASIENTOPPGJERET**

ISF-inntekter som skriv seg frå pasientar busette i Helse Vest-regionen, men behandla i andre regionar, er førte til inntekt i Helse Vest.

#### **ANDRE INNTEKTER**

Sal av varer blir inntektsført ved levering. Tenester blir inntektsførte den perioden dei blir utførte.

#### **IMMATERIELLE EIGEDELAR**

Immaterielle eigedelar som ein ventar vil gi framtidige inntekter for helseføretaket, er aktivert. Utgifter knytte til forskning og utvikling blir kostnadsførte jamt. I særskilde høve vil eigen forskning og utvikling kunne medføre at det blir framkalla ein eigen godtgjørt og vesentleg kontantstraum. Om slike kontant-

straumar kan forventast, blir slik forskning og utvikling aktiverte.

#### **VARIGE DRIFTSMIDLAR**

Varige driftsmidler blir oppførte i balansen til historisk innkjøpskost trekte frå akkumulerte lineære avskrivningar. Eit driftsmiddel blir sett som varig om det har ei økonomisk levetid på over tre år, og ein kostpris på over kr 100 000.

Påkostingar eller betringar blir lagde til kostpris på driftsmiddelet og avskrivne i takt med driftsmiddelet, mens utgifter til vedlikehald og reparasjonar blir kostnadsførte etter kvart som dei oppstår. Renter som relaterer seg til anlegg under oppføring blir aktivert som ein del av kostprisen.

Ved sal av anleggsmidler blir vinning ført under andre driftsinntekter og tap under andre driftskostnader

#### **AVSKRIVNINGAR**

Ordinære avskrivningar er utrekna lineært over den økonomiske levetida til driftsmiddelet med utgangspunkt i historisk kostpris. Tilsvarande prinsipp blir lagt til grunn for immaterielle eigedelar. Avskrivningane er klassifiserte som driftskostnader.

#### **NEDSKRIVNING**

Nedskrivningar av varige driftsmidler og immaterielle eigedelar blir vurderte når det ligg føre indikasjonar på verdifall for eigedelane. Dersom attkjøpsverdien er lågare enn balanseført verdi, blir balanseført verdi skriven ned til attkjøpsverdien. Verdien er det høgaste av netto salsverdi og bruksverdi (kostnad til tilsvarande nykjøp etter slit og elde og faktisk bruk). Nedskrivninga blir reversert i den grad grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades.

#### **BEHANDLING AV DOTTERFØRETAK OG HEILEIGDE SELSKAP**

Slike selskap blir vurderte etter kostmetoden i selskapsrekneskapskapen. Investeringa er vurdert til innkjøpskost for aksjane eller partane med mindre det har vore nødvendig med nedskrivning. Det er gjort nedskrivning til verkeleg verdi når verdifall har årsaker som ikkje blir vurderte som forbigående, og det må sjåast som nødvendig etter god rekneskapsikk. Nedskrivningar blir førte attende når grunnlaget for nedskrivning ikkje lenger er til stades.

Utbytte og andre utdelingar er inntektsførte same år som dei er avsette i dotterselskapet. Dersom utbyttet overstig det tilbakehaldne resultatet etter kjøpet, representerer den overskytande delen tilbakebetaling av investert kapital, og utdelingane er trekte frå verdien på investeringa i balansen.

#### **VERDSETTING AV DOTTERFØRETAK I REKNEKAPEN TIL MORSELSKAPET**

Med dotterføretak meiner ein blant anna føretak der føretaket eig meir enn 50 prosent, der investeringa er meint å vare lenge og der føretaket har bestemmende myndighet.

Verdsetting av dotterføretak er til vanleg kostpris på innskottet.

Ved vesentlige underskot i dotterføretak og anna nedjustering av eigenkapitalen som ein ikkje ser vil vere forbigåande, blir verdien skriven ned like mykje som reduksjonen av eigenkapitalen. Ved eventuelle seinare overskot i dotterføretaket, kan nedskrivinga reverserast inntil kostpris på innskotet.

#### FELLESKONTROLLERT VERKSEMD

Helse Vest RHF har ein eigardel på 20 prosent i fire føretak og 25% i tre føretak som det eig saman med dei andre tre regionale helseføretaka. Ein må sjå eigardelane som del av ei felleskontrollert verksemd og dei er tekne inn i rekneskapen etter eigenkapitalmetoden.

#### TILKNYTTA VERKSEMD

Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF har kvar for seg eigedelar mellom 20 og 50 prosent i andre selskap. Eigedelane må sjåast på som tilknytt verksemd, og dei er tekne inn i konsernrekneskapen etter eigenkapitalmetoden. I dotterføretaka er desse eigardelane bokførte etter kostpris om det ikkje har vore nødvendig å skrive ned verdien.

#### EIGENKAPITALINNSKOT I KLP

For eigenkapitalinnskotet i KLP skal kostprinsippet nyttast. Det vil seie at det normalt er inn- og utbetalingar som skal påverke storleiken på innskotet.

#### VARELAGER OG VAREKOSTNAD

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av innkjøpskost etter FIFO- prinsippet og verkeleg verdi. Om det av systemårsaker har vært umogeleg å nytte FIFO-prinsippet, er gjennomsnittsprisen lagd til grunn. Nedskriving for påreknelig ukurans er gjord i samsvar med god rekneskapsskikk.

#### KRAV

Kundekrav og andre krav er førte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetting til venta tap. Avsetting til tap kjem fram etter ei konkret vurdering av enkeltkrav og av dei samla krava.

#### PENSJONAR

Pensjonsordninga er behandla i rekneskapen etter Norsk rekneskapsstandard for pensjonskostnader. Føretaksgruppa følgjer oppdatert rettleiing frå Norsk Regnskapsstiftelse justert for eventuelle føretaksspesifikke forhold. Parameteren som er nytta går fram av note om pensjonar.

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar blir utrekna etter lineær opptening basert på føresetnader om diskonteringsrente, framtidig regulering av lønn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmidlar og føresetnader frå aktuaren om dødelegheit, frivillig avgang, osb. Pensjonsmidlar er vurderte til verkeleg verdi og trekte frå i netto pensjonsforpliktingar i balansen.

Endringar i forpliktinga som kjem av endringar i pensjonsplanar blir fordelte over den estimert attverande oppteningstida. Endringar i pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar som kjem av

endringar og avvik i utrekningsføresetnadene (estimatendringar), er fordelte over estimert gjennomsnittleg attverande oppteningstid om avvika ved starten på året er over 10 prosent av det største av brutto pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar. Pensjonsordningar som viser netto forplikting, er førte opp i rekneskapen som gjeld, mens pensjonsordningar som viser netto midlar, er førte opp i balansen som eigedel. Arbeidsgivaravgift er lagt til for begge ordningane.

Netto pensjonskostnad (brutto pensjonskostnad trekt frå estimert avkastning på pensjonsmidlar) blir klassifisert som ordinær driftskostnad, og er presentert saman med lønn og andre ytingar.

Arbeidstakardelen av pensjonspremien er trekt frå i lønnskostnadene.

Pensjonsordninga tilfredsstiller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

#### LANGSIKTIG GJELD

Helse- og omsorgsdepartementet er einaste långivar til Helse Vest. Renter på opptrekksslån er inkluderte i lånebeløpet.

#### LEIGEAVTALAR

Helse Vest har ikkje avtale om finansiell leasing.

#### UVISSE FORPLIKTINGAR

Om det er meir sannsynleg enn ikkje at ei forplikting vil kome til oppgjer, og verdien kan estimerast påliteleg, blir det avsett for den uvisse forpliktinga etter beste estimat.

#### SEGMENT

Inndelinga i segment bygger på interne styrings- og rapporteringsføremål i føretaket. Det blir presentert tal for verksemdsomsråde. Tala er avstemte mot årsresultat og balanse i føretaka.

Ein har i tillegg delt inntektene etter geografi med utgangspunkt i bustaden til pasientane.

#### KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i årsresultatet for føretaket for å kunne presentere kontantstraumar tilførte frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksemd og finansieringsverksemd.

#### KONSERNKONTOORDNING

Det er etablert konsernkontoordning i DNB. Innskot og gjeld er i rekneskapa til dotterføretaka og Helse Vest RHF klassifisert som kortsiktig fordring/gjeld. I rekneskapen for føretaksgruppa er nettoen klassifisert som bankinnskot. Helse Vest IKT AS er ikkje med i konsernkontoordninga.

#### VALUTA

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte etter kursen ved utgangen av rekneskapsperioden.

**ENDRINGAR I REKNESKAPSPRINSIPP OG FEIL**

Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp og korrigeringar av vesentlege feil i tidligare årsrekneskap er førte direkte mot eigenkapitalen.

**SAMANLIKNINGSTAL FOR FØRRE ÅRET**

Der ny klassifisering er meir korrekt, er samanlikningstal endra tilsvarande.

**SKATT**

Helseføretaka er ikkje skattepliktige. Helse Vest IKT AS har fått skattefritak. Sjukehusapotek Vest HF er skattepliktige for overskot vedkommande publikumsekspedisjonen frå og med 2015.

Skattekostnaden i resultatrekneskapan omfattar både skatt som skal betalast og utsett skatt i perioden. Utsett skatt er rekna ut på grunnlag av dei mellombelse forskjellane som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt eventuelt likningsmessig underskot til framføring ved utgongen av rekneskapsåret. Mellombelse forskjellar som aukar eller reduserer skatt i same periode, er utlikna. Oppføring av utsett skattefordel

på netto skattereduserande forskjellar som ikkje er utlikna og underskot til framføring er grunna i forventa inntening i framtida.

Utsett skatt i både føretaket sin rekneskap og føretaksgruppa sin rekneskap er i rekneskapan ført med nominelt beløp.

**NOTE 2 RAPPORTERING FRÅ VERKSEMDA**

HEILE 1000 KRONER

HELSE VEST RHF			FØRETAGSGRUPPA	
2015	2016		2016	2015
2 005 482	2 044 457	Somatikk	19 691 519	19 533 250
621 189	662 771	Psykisk helsevern VOP	3 881 230	3 804 964
38 779	42 402	Psykisk helsevern BUP	881 182	852 632
473 041	496 354	Tverrfagleg spesialisert behandling for rusmisbruk	1 141 810	1 123 125
530 461	599 652	Anna	2 392 840	2 410 446
22 393 969	22 496 807	Overføringar til dotterføretak	0	0
<b>26 062 921</b>	<b>26 342 443</b>	<b>Sum</b>	<b>27 988 582</b>	<b>27 724 417</b>

Driftsinntekter kalla overføring til dotterføretak, svarar til det regionale helseføretaket sin del av inntekter frå eigar/staten som blir nytta til å finansiera dotterføretaka sine oppgåver innanfor spesialisthelsetenesta.

## DRIFTSKOSTNADER PER OMRÅDE

HEILE 1000 KRONER

HELSE VEST RHF			FØRETAKSGRUPPA	
2015	2016		2016	2015
1 919 712	1 946 933	Somatikk	19 157 631	18 862 022
616 912	651 900	Psykisk helsevern VOP	3 999 699	3 963 517
38 290	38 722	Psykisk helsevern BUP	857 536	858 677
470 595	478 171	Tverrfagleg spesialisert behandling for rusmisbruk	1 172 384	1 167 844
801 793	991 421	Anna	2 183 110	2 261 587
21 976 640	21 891 013	Kjøp av helsetenester frå dotterføretak	0	0
<b>25 823 941</b>	<b>25 998 160</b>	<b>Sum</b>	<b>27 370 360</b>	<b>27 113 647</b>

Overføring til dotterføretaka blir kostnadsført som kjøp av helsetenester frå dotterføretaka. Andre ordinære kjøp frå dotterføretaka går ikkje inn i denne posten.

Verksemdsområde kalla «Anna» omfattar i hovudsak kostnader og inntekter knytt til ambulanse, pasienttransport, samt kostnader og inntekter som ikkje er del av spesialisthelsetenesta.

## DRIFTSINNTEKTER FORDELT PÅ GEOGRAFI

HEILE 1000 KRONER

HELSE VEST RHF			FØRETAKSGRUPPA	
2015	2016		2016	2015
26 015 278	26 317 869	Helse Vest sitt opptaksområde	27 638 895	27 300 449
47 642	24 574	Resten av landet	276 020	346 483
0	0	Utlandet	73 667	77 485
<b>26 062 921</b>	<b>26 342 443</b>	<b>Sum</b>	<b>27 988 582</b>	<b>27 724 417</b>

**NOTE 3 TOTALE DRIFTSINNETEKTER**

HEILE 1000 KRONER

HELSE VEST RHF			FØRETAKSGRUPPA	
2015	2015		2016	2015
18 256 864	18 214 608	Basisramme	18 214 608	18 256 864
		<b>Aktivitetsbasert inntekt:</b>		
5 948 270	6 126 777	Behandling av egne pasientar i eigen region	6 126 777	5 948 270
236 640	221 336	Behandling av egne pasientar i andre regionar	221 336	236 640
47 642	23 936	Behandling av andre sine pasientar i eigen region	275 381	346 483
902 079	980 566	Poliklinikkinntekter, laboratorium og radiologi	1 382 876	1 279 127
0	0	Utskrivingsklare pasientar	32 049	33 368
162 148	111 509	Anna aktivitetsbasert inntekt	89 123	92 912
		<b>Anna driftsinntekt:</b>		
104 600	97 100	Kvalitetsbasert finansiering	97 100	104 600
109 374	109 354	Øyremerka tilskot til «Raskare tilbake»	109 354	109 374
256 884	439 204	Øyremerka tilskot til andre føremål	440 359	262 983
10 376	6 228	Investeringsstilskot ført til inntekt	44 461	50 257
28 044	11 827	Andre inntekter	955 160	1 003 540
<b>26 062 921</b>	<b>26 342 443</b>	<b>Sum</b>	<b>27 988 582</b>	<b>27 724 417</b>

**Totale driftsinntekter**

Inntekter kalla «Behandling av egne pasientar i eigen region» og «Behandling av egne pasientar i andre regionar» består av ISF-refusjonar.

I rekneskapen for føretaksgruppa er sal frå Sjukehusapoteka Vest HF til føretak i Helse Vest eliminert. Totale driftsinntekter for Sjukehusapoteka Vest HF utgjorde kr 1 064 293 631 i 2016 og kr 976 372 141 i 2015.

## AKTIVITETSTAL

HEILE 1000 KRONER

HELSE VEST RHF			FØRETAKSGRUPPA	
2015	2016		2016	2015
		<b>Aktivitetstal somatikk:</b>		
21 976	22 172	Talet på DRG-poeng iht Sørge-for-ansvaret	301 583	297 139
0	0	Talet på DRG-poeng iht eigaransvaret	277 075	275 256
107 701	116 142	Talet på polikliniske konsultasjonar	1 120 850	1 076 526
		<b>Aktivitetstal psykisk helsevern for barn og unge:</b>		
0	0	Talet på utskrivne pasientar frå døgntil behandling	767	771
7 975	7 592	Talet på polikliniske konsultasjonar	157 286	153 701
		<b>Aktivitetstal psykisk helsevern for vaksne:</b>		
1 794	1 846	Talet på utskrivne pasientar frå døgntil behandling	11 292	11 136
52 750	58 745	Talet på polikliniske konsultasjonar	288 013	279 200
		<b>Aktivitetstal tverrfagleg spes. rusbehandling</b>		
1 925	1 718	Talet på utskrivne pasientar frå døgntil behandling	2 403	2 699
27 512	29 300	Talet på polikliniske konsultasjonar	134 462	102 179

Aktivitetstala inkluderer ikkje aktivitet finansiert av prosjektet «Raskare tilbake» og eventuelle andre øyremerka midlar/særskilte finansiering.

Aktivitetstala registrert i Helse Vest RHF er utført hos private aktørar.

**NOTE 4 KJØP AV HELSETENESTER**

HEILE 1000 KRONER

HELSE VEST RHF			FØRETAKSGRUPPA	
2015	2016		2016	2015
115 817	135 872	Kjøp frå offentlege helseinstitusjonar somatikk	548 287	604 344
1 449 415	1 447 834	Kjøp frå private helseinstitusjonar somatikk	1 448 482	1 453 274
22 297	21 683	Kjøp frå offentlege helseinstitusjonar psykiatri	61 553	42 331
523 298	551 822	Kjøp frå private helseinstitusjonar psykiatri	553 656	523 555
16 851	13 534	Kjøp frå offentlege helseinstitusjonar rus	42 141	22 713
440 273	450 456	Kjøp frå private helseinstitusjonar rus	455 470	452 283
551	2 333	Kjøp frå utlandet	2 817	1 072
<b>2 568 503</b>	<b>2 623 534</b>	<b>Sum gjestepasientkostnader</b>	<b>3 112 405</b>	<b>3 099 571</b>
0	0	Innleie av helsepersonell frå vikarbyrå	128 990	145 311
98 084	135 814	Luftambulanse	135 814	98 084
738	1 212	Kjøp av andre ambulansetjenester	53 102	49 998
752 535	939 184	Andre kjøp av helsetenester (inkl. avtalespesialistar)	446 603	442 549
<b>851 357</b>	<b>1 076 209</b>	<b>Sum kjøp av andre helsetenester</b>	<b>764 508</b>	<b>735 942</b>
21 976 640	21 891 013	Helse Vest RHF sitt kjøp av helsetenester frå dotterføretaka	0	0
<b>25 396 500</b>	<b>25 590 756</b>	<b>Sum kjøp av helsetenester</b>	<b>3 876 913</b>	<b>3 835 513</b>

**NOTE 5: VAREKOSTNADER**

HEILE 1000 KRONER

HELSE VEST RHF			FØRETAKSGRUPPA	
2015	2016		2016	2015
0	0	legemiddel	1 481 413	1 212 047
0	0	Medisinske forbruksvarer	1 316 129	1 228 255
199	24	Andre varekostnader til eige bruk	231 249	220 974
0	0	Innkjøpte varer for vidareasal	150 122	194 181
0	0	Endring varer i arbeid og ferdigtilverka varer	118	27
<b>199</b>	<b>24</b>	<b>Sum varekostnader</b>	<b>3 179 032</b>	<b>2 855 484</b>

**NOTE 6 LØNN OG ANDRE GODTGJERSLER**

HEILE 1000 KRONER

HELSE VEST RHF			FØRETAKSGRUPPA	
2015	2016		2016	2015
49 118	49 789	Lønnskostnader	11 806 190	11 447 193
7 275	7 390	Arbeidsgivaravgift	1 646 406	1 612 962
13 404	10 551	Pensjonskostnader inkl. arbeidsgivaravgift	2 674 325	3 445 587
5 896	5 188	Andre ytingar	200 592	193 162
0	0	- Balanseførte lønnskostnader egne tilsette	-84 470	-59 365
<b>75 694</b>	<b>72 918</b>	<b>Sum lønn og personalkostnader</b>	<b>16 243 044</b>	<b>16 639 539</b>
63	62	Gjennomsnittleg tal på tilsette	27 853	27 489
62	61	Gjennomsnittleg tal på årsverk	21 752	21 379

Helse Vest RHF utøvar den øvste leiinga i føretaksgruppa. I RHFet inngår i tillegg eit lønns- og rekneskapscenter som yter lønns- og rekneskapsstenester til Sjukehusapoteka Vest HF, Helse Vest IKT AS, Nasjonal IKT HF og Helse Vest Innkjøp HF i tillegg til Helse Vest RHF. I senteret er det 10 tilsette i 9,6 årsverk.

**GODTGJERSLE TIL STYRET**

HEILE 1000 KRONER

HELSE VEST RHF			FØRETAKSGRUPPA	
2015	2016		2016	2015
<b>1 189</b>	<b>1 345</b>	<b>Godtgjersle til styret</b>	<b>6 905</b>	<b>6 400</b>
235	253	Av dette godtgjersle til styreleiar	1 033	1 125

GODTGJERSLE TIL MEDLEM AV STYRET								YTINGAR FRÅ ANDRE FØRETAK I HELSE VEST	
Namn	Tittel	Styrehonorar	Lønn	Honorar revisjons utval	Anna godtgjersle	Sum	Tenesteperiode	Honorar lønn	Andre ytingar
Terje Vareberg	Styreleiar	251	0	0	2	253	2016	0	0
Lise Reinertsen	Nestleiar	167	0	4	0	171	2016	0	0
Gunnar Berge	Styremedlem	122	0	30	0	152	2016	0	0
Tom Guldhav	Styremedlem	122	0	0	0	122	2016	1 553	0
Lise Karin Strømme	Styremedlem	122	0	16	1	139	2016	682	0
Tone Berntsen Steinsvåg	Styremedlem	122	0	4	0	126	2016	0	0
Ohene Aboagye	Styremedlem	122	0	0	2	124	2016	0	0
Olin Johanne Henden	Styremedlem	122	0	14	0	136	2016	0	0
Bente Sissel Pilskog	Styremedlem	122	0	0	0	122	2016	571	0
<b>Sum</b>		<b>1 272</b>	<b>0</b>	<b>68</b>	<b>5</b>	<b>1 345</b>		<b>2 806</b>	<b>0</b>

## LØNN OG ANNA GODTGJERSLE TIL LEIANDE PERSONELL

HEILE 1000 KRONER

LØNN OG ANNA GODTGJERSLE TIL LEIANDE PERSONELL							YTINGAR FRÅ ANDRE FØRETAK I HELSE VEST JF LØNNS- OG TREKKOPPGÅVE FOR 2016		
Namn	Tittel	Lønn	Pensjon	Anna godtgjersle	Sum	Teneste- periode 1)	Lønn	Pensjon og anna godtgjersle	
Herlof Nilssen	Administrerende direktør	2 323	624	19	2 966	2016	0	0	
Baard-Christian Schem	Fagdirektør	1 484	253	98	1 835	2016	0	0	
Hilde Brit Christiansen	Personal- og organisasjonsdirektør	1 447	497	15	1 959	2016	0	0	
Per Karlsen	Økonomi- og finansdirektør	1 393	342	19	1 754	2016	0	0	
Ivar Eriksen	Eigardirektør	1 393	252	14	1 659	2016	0	0	
Bente Aae	Kommunikasjonsdirektør	1 230	397	15	1 642	2016	0	0	
<b>Sum</b>	<b>Leiargruppen</b>	<b>9 270</b>	<b>2 365</b>	<b>180</b>	<b>11 815</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	

1) Tenestetid/-periode er perioden i rekneskapsåret vedkommende har vore deltakar i føretaket si leiargruppe.

Det er ikkje inngått avtale om sluttvederlag eller liknande for dagleg leiar.

Det er ikkje gjeve lån eller garantiar til dagleg leiar og styreleiar i Helse Vest RHF.

Det er ikkje gjeve lån eller garantiar for andre leiande tilsette eller styremedlem i Helse Vest RHF.

Administrerende direktør og to av direktørane har, i tillegg til ordinær ytingspensjon i KLP, ei avtale om pensjon utover 12G. Avtalene var inngåtte før det kom pålegg om ikkje å inngå slike avtaler.

## LØNNSNIVÅET FOR DEI ADMINISTRERANDE DIREKTØRANE I FØRETAKSGRUPPA – AVTALT LØNN

HEILE 1000 KRONER

Avtalt årslønn	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008
Helse Bergen HF	1741	1 700	1 665*	1 665*	1 567	1 514	1 474	1 406	1 352
Helse Fonna HF	1631	1 594	1 554	1 506	1 456	1 350	1 300	1 240	1 200
Helse Førde HF	1543	1 506	1 453	1 406	1 352	1 175	1 142	1 127	1 075
Helse Stavanger HF	1742	1 684	1 684	1 630	1 576	1 515	1 450	1 315**	1 315**
Helse Vest IKT AS	1475	1 378	1 336	1 292	1 248	1 068	1 025	990	900
Sjukehusapoteka Vest HF***	1170	1 070	1 106	1 070	1 030	990	***	840	791
Helse Vest Innkjøp HF****	1229	1 200	-	-	-	-	-	-	-
Helse Vest RHF	2301	2 247	2 187	2 117	2 045	1 967	1 897	1 834	1 759

\* Administrerende direktør i Helse Bergen HF hadde i tillegg til avtalt lønn eit fast tillegg på kr 50 000. Dette er inkludert i beløpet. Ny administrerende direktør i Helse Bergen HF frå 23.09.15.

\*\* Helse Stavanger HF hadde i perioden november 2008 til februar 2009 samt perioden frå 9.12.2014 og ut året, konstituert direktør og frå 1. mars 2009 til 1. september 2010 avtale om innleige av direktør. Ny administrerende direktør var tilsett 26.06.15 etter å ha vore konstituert i stillinga sidan desember 2014.

\*\*\* Sjukehusapoteka Vest HF hadde i 2010 avtale om innleige av administrerende direktør. Ny administrerende direktør blei tilsett frå 1. februar 2011. I 2015 er det konstituert dagleg leiar frå 1.11.15 og vidare heile 2016.

\*\*\*\* Helse Vest Innkjøp HF er etablert i 2015. Dagleg leiar var tilsett 1.11.15. Verksemda blei overført til Sykehusinnkjøp HF 1.12.16.

**ERKLÆRING OM FASTSETJING AV LØNN OG GODTGJERSLE**

Helse Vest RHF definerer personar i stillingane administrerande direktør, fagdirektør, eigardirektør, kommunikasjonsdirektør, økonomi- og finansdirektør og direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi som leiande personell.

Helse Vest RHF følgjer retningslinjer for tilsetjingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap (fastsett av Regjeringa Stoltenberg II 31.3.2011) kor hovudprinsippet er at

- Leiarlønn i føretaka skal vere konkurransedyktig, men ikkje lønnsleiande samanlikna med tilsvarande selskap/føretak. Føretaket skal bidra til moderasjon i leiarlønningane.

**UTGREIING LEIARLØNNSPOLITIKKEN I 2016****ERKLÆRINGA BLE BEHANDLA I FØRETAKSMØTET SOM EIN INTEGRERT DEL AV ÅRSREKNESKAPET.**

Lønn og godtgjersle til administrerande direktør er behandla og fastsett av styret i styresak 149/16, den 7.12.2016.

Lønn og godtgjersle for andre leiande tilsette er fastsett administrativt av administrerande direktør. Helse Vest RHF har lagt til grunn retningslinjer fastsett i føretaksmøte 01.06.2014.

**LØNN TIL MEDLEM I LEIARGRUPPA BLEI I 2016 JUSTERT SLIK:**

HEILE 1000 KRONER

Namn	Tittel	Gammal lønn	Ny lønn	Auke i prosent
Herlof Nilssen	Administrerande direktør	2 247	2 301	2,4 %
Baard-Christian Schem	Fagdirektør	1 432	1 530	6,8 %
Hilde Brit Christiansen	Personal- og organisasjonsdirektør	1 379	1 480	7,3 %
Per Karlsen	Økonomi- og finansdirektør	1 326	1 425	7,5 %
Ivar Eriksen	Eigardirektør	1 326	1 425	7,5 %
Bente Aae	Kommunikasjonsdirektør	1 199	1 230	2,6 %

I tillegg til lønn har medlemmane i leiargruppa fri bruk av mobiltelefon og mogeligheit for dekning av internett og avis. Lønnsjusteringane er gjennomførte etter andre lønnsjusteringar i helseregionen, men er gjort gjeldande for heile 2016 for administrerande direktør og delvis frå 1.5 og delvis frå 1.7.2016 for dei andre direktørane.

Helse Vest RHF har i 2016 hatt som målsetting å tilby leiande tilsette konkurransedyktige arbeidsvilkår, men samstundes bidra til moderasjon i leiarlønningane.

Helse Vest RHF har, i samband med godkjenning av rekneskapet for dotterføretaka for 2015, fastsett retningslinjer for leiarlønn i helseføretaka i tråd med retningslinjene som gjeld for Helse Vest RHF. Det har i tillegg vore dialog med styreleiarar og dei administrerande direktørane om lønnsutviklinga for leiarar spesielt og lønnsutvikling i helseføretaka generelt. Styra fastsett lønnsauke for administrerande direktør bygd på felles prinsipp der ein skal halde seg innanfor lønnsveksten for spesialisthelsetenesta samla sett.

Styret meiner at retningslinjene er overhaldne for Helse Vest RHF og underliggjande føretak. Avtalar om tilleggspensjon for tre leiarar var inngått for retningslinjer for tilsetjingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap var fastsett.

**RETNINGSLINER FOR 2017**

Til grunn for Helse Vest RHF sine retningslinjer, ligg mellom anna generelle retningslinjer for leiarar i statlege føretak (fastsett av regjeringa Stoltenberg II 31.3.2011) kor hovudprinsippet er at leiarlønningane i føretaket skal vere konkurransedyktige, men ikkje lønnsleiande samanlikna med tilsvarande søsterføretak. Føretaket skal bidra til moderasjon i leiarlønningane.

**FASTSETTING AV BASISLØNN**

Ved fastsetting av basislønn skal følgjande kriterium leggst til grunn:

- Lønnsutviklinga i føretaksgruppa Helse Vest generelt

- Lønnsutviklinga i samanliknande stillingar
  - Resultatvurderingar i høve til dei mål og krav styret har sett.
- Dette inneber at årlege justeringar av leiarlønningane ikkje skal skje før dei årlege tariffoppgjera i spesialisthelsetenesta er avslutta.

Lønnsjusteringane gjeld frå 1. januar 2017 for administrerande direktør og frå 1. mai 2017 for resten av leiargruppa.

#### NATURALYTINGAR

Ytingane blir vurdert i høve til kva trong leiar har for å fungera i stillinga, likevel avgrensa til:

- Mobiltelefonordning i tråd med kva som er fastsett i føretaket
- Alminnelege forsikringsordningar i høve til lov og avtalar
- Eventuelt avisabonnement

#### PENSJONSORDNING

Leiande tilsette skal vere omfatta av offentleg tenestepensjon på lik line med andre tilsette sine vilkår. Det vil seie gjennom ordinær ordning i KLP. Det er ikkje høve til å inngå avtale om pensjon utover ordinære vilkår gjennom KLP.

#### SLUTTVEDERLAG

Det er ikkje gjort avtale om sluttvederlag for nokon i leiargruppa i Helse Vest RHF.

#### VARIABLE GODTGJERINGAR ELLER SÆRSKILTE YTINGAR SOM KJEM I TILLEGG TIL BASISLØNN

Det blir ikkje gitt variable tillegg til leiande tilsette i Helse Vest RHF.

#### ANDRE HØVE

Personar i leiinga skal ikkje ha særskilt godtgjersle for styreverv i andre føretak i same føretaksgruppe.

## GODTGJERSLE TIL REVISOR

HEILE 1000 KRONER

HELSE VEST RHF			FØRETAKSGRUPPA	
2015	2016		2016	2015
338	244	Revisjon etter lova	2 700	2 971
0	0	Andre oppgåver som vedkjem attestasjonar	410	471
2 291	1 288	Andre tenester utanfor revisjon	1 288	3 913
<b>2 629</b>	<b>1 532</b>	<b>Sum honorar til revisor</b>	<b>4 398</b>	<b>7 354</b>
<b>338</b>	<b>231</b>	<b>Honorar til revisor i høve til inngått avtale</b>	<b>2 389</b>	<b>2 875</b>
<i>Alle tal inkludert mva</i>				
<b>Honorar som vedkjem andre tenester utanfor revisjon, gjeld:</b>				
0	1	Bistand tilskuddsforvaltning	1	0
2 291	1 287	Markedsundersøking	1 287	3 913
<b>2 291</b>	<b>1 288</b>	<b>Sum honorar som vedkjem andre tenester</b>	<b>1 288</b>	<b>3 913</b>

Det er inngått ny revisjonsavtale med BDO frå 1.7.16 for rekneskapsåret 2016. Honorar til revisor i høve til inngått avtale gjeld den nye avtalen. Kostnader ført under Revisjon etter lova, omfattar arbeid gjennomført av førre revisor for rekneskapsåret 2015 samt interimrevisjon gjennomført av ny revisor for rekneskapsåret 2016.

**NOTE 7 ANDRE DRIFTSKOSTNADER**

HEILE 1000 KRONER

HELSE VEST RHF			FØRETAKSGRUPPA	
2015	2016		2016	2015
0	0	Transport av pasientar	504 562	493 090
6 842	6 703	Kostnader lokale inkl. energi og brensel	496 262	456 777
3 364	1 016	Kjøp og leige av med.teknisk utstyr, mm	171 390	161 225
79	132	Reparasjon, vedlikehald og service	511 648	326 509
58 073	48 796	Konsulenttenester	151 986	198 196
127 121	116 279	Anna ekstern teneste	272 428	266 357
12 049	7 928	Kontor- og kommunikasjonskostnader	165 377	163 293
12	66	Kostnader i samband med transportmiddel	37 732	36 991
8 890	8 845	Reisekostnader	140 000	135 299
3	149	Forsikringskostnader	11 811	10 454
126 253	136 813	Pasientskadeerstatning	143 648	133 499
3 692	2 122	Andre driftskostnader	327 376	276 690
<b>346 378</b>	<b>328 849</b>	<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>2 934 220</b>	<b>2 658 379</b>

**NOTE 8 FINANSPOSTER**

HEILE 1000 KRONER

HELSE VEST RHF			FØRETAKSGRUPPA	
2015	2016		2016	2015
6 294	9 743	Resultatdel TS og FKV	12 569	8 431
50 285	37 991	Interne renteinntekter i føretaksgruppa	0	0
98 521	94 064	Andre renteinntekter	128 287	126 224
83	5	Andre finansinntekter	3 498	1 037
<b>155 183</b>	<b>141 803</b>	<b>Sum finansinntekter</b>	<b>144 355</b>	<b>135 692</b>
0	0	Resultatdel FKV og TS	0	1 130
64 293	36 810	Andre rentekostnader	30 314	64 380
83	8	Andre finanskostnader	1 348	2 173
<b>64 376</b>	<b>36 817</b>	<b>Sum finanskostnader</b>	<b>31 663</b>	<b>67 683</b>

**NOTE 9 SKATT**

HEILE 1000 KRONER

	2016	2015
<b>Mellembelse forskjellar</b>		
Anleggsmidler	4 097	3 105
Omløpsmidlar	-60	-60
Netto pensjonsmidlar	2 697	2 428
<b>Netto mellombelse forskjellar</b>	<b>6 734</b>	<b>5 473</b>
Underskot til framføring	-6 716	-3 628
<b>Grunnlag for utsatt skatt/skattefordel i balansen</b>	<b>18</b>	<b>1 845</b>
24 %/25 % utsatt skatt (utsett skattefordel)	4	461
<b>Utsatt skatt (utsett skattefordel)</b>	<b>4</b>	<b>461</b>
<b>Grunnlag for betalbar skatt</b>		
Resultat før skattekostnad for publikumsekspedisjonen	-1 827	-3 756
Endring i midlertidige forskjellar	-1 262	128
<b>Grunnlag for betalbar skatt</b>	<b>-3 089</b>	<b>-3 628</b>
24 %/25 % av grunnlag for betalbar skatt	-772	-979
Endring i utsatt skatt	315	-35
Korrigerings av skattekostnad på grunn av endra skattesats	0	-37
<b>Sum skattekostnad på ordinært resultat</b>	<b>-457</b>	<b>-1 051</b>
<b>Spesifikasjon av skattekostnad</b>		
27 % skatt av resultat før skatt	-457	-1 014
Korrigerings av skattekostnad pga redusert skattesats i framtida	0	-37
<b>Utrekna skattekostnad</b>	<b>-457</b>	<b>-1 051</b>

**NOTE 10 IMMATERIELLE EIGEDLAR OG VARIGE DRIFTSMIDLAR****IMMATERIELLE EIGEDLAR FØRETAKSGRUPPA**

HEILE 1000 KRONER

	Lisenser og programvare	Prosjekt under utvikling	Sum
Kostpris 01.01.	1 038 120	172 614	<b>1 210 734</b>
Tilgang	97 978	96 897	<b>194 875</b>
Tilgang verksemdsoverdraging	0	0	<b>0</b>
Avgang	0	0	<b>0</b>
Frå prosjekt under utvikling	0	0	<b>0</b>
<b>Kostpris 31.12.</b>	<b>1 136 098</b>	<b>269 511</b>	<b>1 405 609</b>
Akkumulerte avskrivningar	-707 028	0	<b>-707 028</b>
Akkumulerte nedskrivningar	0	0	<b>0</b>
<b>Balanseført verdi 31.12.</b>	<b>429 070</b>	<b>269 511</b>	<b>698 581</b>
Ordinære avskrivningar i året	117 461	0	<b>117 461</b>
Ordinære nedskrivningar	0	0	<b>0</b>
Levetid	5-10 år	0	<b>0</b>
Avskrivningsplan	Lineær		

**VARIGE DRIFTSMIDLAR FØRETAKSGRUPPA**

HEILE 1000 KRONER

	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-teknisk utstyr	Transportmiddel, inventar og utstyr	Sum
Kostpris 01.01.	699 056	17 455 975	2 066 371	4 065 885	1 825 809	<b>26 113 096</b>
Tilgang i året	4 663	662 578	379 608	298 091	229 891	<b>1 574 831</b>
Tilgang verksemdsoverføring	0	0	0	0	0	<b>0</b>
Avgang i året	-3 071	-20 556	-31	-47 692	-59 536	<b>-130 887</b>
Frå anlegg til utføring	0	34 636	-55 952	8 394	12 060	<b>-862</b>
<b>Kostpris 31.12.</b>	<b>700 648</b>	<b>18 132 632</b>	<b>2 389 996</b>	<b>4 324 678</b>	<b>2 008 224</b>	<b>27 556 178</b>
Akk. avskrivningar	0	8 294 187	0	2 912 264	1 386 739	<b>12 593 191</b>
Akk. nedskrivningar	1970	16 810	0	500	1 887	<b>21 168</b>
<b>Balanseført verdi 31.12.</b>	<b>698 677</b>	<b>9 821 635</b>	<b>2 389 996</b>	<b>1 411 914</b>	<b>619 597</b>	<b>14 941 819</b>
Ordinære avskrivningar i året	0	531 908	0	308 773	177 090	<b>1 017 771</b>
Nedskrivningar i året	0	1 170	0	0	751	<b>1 920</b>
Balanseførte lånekostnader	0	8 530	0	0	0	<b>8 530</b>
Levetider		10-60 år		7-12 år	5-10 år	
Avskrivningsplan		Lineær		Lineær	Lineær	

## VARIGE DRIFTSMIDLAR – HELSE VEST RHF

HEILE 1000 KRONER

	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-teknisk utstyr	Transportmiddel, inventar og utstyr	Sum
Kostpris 01.01.	0	81 011	0	1 222	12 407	<b>94 640</b>
Tilgang i året	0	0	0	0	0	<b>0</b>
Tilgang verksemdoverføring	0	0	0	0	0	<b>0</b>
Avgang i året	0	0	0	0	0	<b>0</b>
Frå anlegg til utføring	0	0	0	0	0	<b>0</b>
<b>Kostpris 31.12.</b>	<b>0</b>	<b>81 011</b>	<b>0</b>	<b>1 222</b>	<b>12 407</b>	<b>94 640</b>
Akk. avskrivningar 31.12.	0	39 515	0	1 146	7 415	<b>48 076</b>
Akk. nedskrivningar 31.12.	0	0	0	0	0	<b>0</b>
<b>Balanseført verdi 31.1</b>	<b>0</b>	<b>41 496</b>	<b>0</b>	<b>76</b>	<b>4 993</b>	<b>46 564</b>
Ordinære avskrivningar i året	0	3 732	0	74	1 807	<b>5 613</b>
Nedskrivningar i året	0	0	0	0	0	<b>0</b>
Balanseførte lånekostnader	0	0	0	0	0	<b>0</b>
Levetider		10-40 år		3-15 år	3-10 år	
Avskrivningsplan		Lineær		Lineær	Lineær	

## LEIGEAVTALER – FØRETAKSGRUPPA

HEILE 1000 KRONER

	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-teknisk utstyr	Transportmiddel, inventar og utstyr	Sum
Leigeavtaler	0	123 470 759	0	1 137 478	17 169 181	<b>141 777 418</b>
Rest leigetid	0	8 år	0	4-15 år	3-15 år	<b>8 år</b>

## LANGSIKTIGE BYGGEPROSJEKT

HEILE 1000 KRONER

Investeringsprosjekt	Akk. rekn. per 31.12. i år	Akk rekn. per 31.12. i fjor	Total kostnads-ramme	Prognose sluttsum	Avvik frå budsjett	Planlagt ferdigstilt
BUSP trinn 1	1 398 541	1 049 776	1 796 000	1 756 000	40 000	2017
BUSP trinn 2	235 740	128 000	3 387 000	3 387 000	0	2022
Mottaksklinikk inkl Ambulanseshall	305 865	221 226	330 000	373 926	-43 926	2017
SUS 2023	56 321	0	8 000 000	8 000 000	0	2023
Bygg2020	35 622	0	1 853 000	1 853 000	0	2020
	<b>2 032 089</b>	<b>1 399 002</b>	<b>15 366 000</b>	<b>15 369 926</b>	<b>-3 926</b>	

## NOTE 11 EIGARDELAR I DOTTERFØRETAK, FELLESKONTROLLERT VERKSEMD OG TILKNYTTTE SELSKAP

### EIGARDELER I DOTTERFØRETAK

HEILE 1000 KRONER

	Hovudkontor	Eigardel	Del av stemmer	Balanseført verdi	Eigenkapital	Resultat i året	Reversert nedskrivning i året
Helse Stavanger HF	Stavanger	100 %	100 %	2 439 300	2 439 300	25 747	25 747
Helse Fonna HF	Haugesund	100 %	100 %	1 957 433	1 957 433	54 603	54 603
Helse Bergen HF	Bergen	100 %	100 %	5 915 579	5 915 579	175 472	175 472
Helse Førde HF	Førde	100 %	100 %	931 678	931 678	4 649	4 649
Sjukehusapoteka Vest HF	Bergen	100 %	100 %	11 043	163 753	16 931	0
Helse Vest IKT AS	Bergen	100 %	100 %	151 319	188 685	1 838	0
Helse Vest Innkjøp HF	Bergen	100 %	100 %	5 000	5 293	35	0
